

Kontraktsvilkår mellom privatkunde og Sognekraft AS for levering av straum

1. Generelt

a. Ved bestilling gir kunden Sognekraft fullmakt til å:

- setje i verk og melde inn leverandørskifte til nettselskapet og innhente nødvendige opplysningar frå nettselskapet for å gjennomføre leverandørskiftet.

- melde ut- og innflytting til nettselskapet. Sjølv om avtalen med nettselskapet vert inngått av Sognekraft i samsvar med fullmaktene over, blir kunden fullt ut part i kontraktsforholdet med nettselskapet.

b. Sognekraft må ha motteke målarstand frå kunde for å kunne starte straumleveransen. Målarstanden må ikkje vere eldre enn 20 dagar.

2. Leveringsvilkår

a. "Standard kraftleveringsavtale", framforhandla av Forbrukerombudet og bransjeorganisasjonen Energi Norge, gjeld for kontraktsforholdet, med mindre anna går fram av den enkelte avtale eller anna spesielt skriftleg grunnlag.

b. Sognekraft har rett til å sjekke kredittvurdering av kundar og kunne avslå/avslutte leveranse eller krevje garanti der det føreligg sakleg grunn for dette.

c. Straumlevering frå Sognekraft startar vanlegvis 2-3 veker etter inngått avtale.

d. Før flytting må kunden ta kontakt med Sognekraft for vidareføring av straumavtalen. Viss flytting blir meldt seinare enn 15 virkedagar etter innflytting/overtaking av ny straummålar, kan netteigar krevje at kunden kjøper dyrare straum før straumleveransen frå Sognekraft kan starte opp att. Årsaka til dette er at nettselskapet pliktar å levere straum til kundar som står utan straumleverandør.

e. Prisar er oppgjevne inklusiv meirverdiavgift. Sognekraft tek atterhald om prisendringar som fylgje av endringar i dagens offentlege avgifter/pålegg, samt endringar i rammevilkår.

f. Sognekraft kan endre faste månadlege beløp og elles avtalevilkåra med 1 månads varsel, anten ved direkte skriv til kunde eller på anna eigna måte.

3. Betalingsvilkår

I nettområde der Sognekraft fakturerar saman med nettselskapet:

a. Kundar i desse nettområda fakturerast i forhold til nettselskapet sine rutinar og tidspunkt for fakturering av nettleige.

b. Avhengig av kunden sitt årsforbruk, får kunden etterskotsvis fakturering 6 gonger i året basert på reelt eller stipulert forbruk.

c. Hyttekundar får a-kontofakturering basert på forventta forbruk, årleg avrekning.

I andre nettområde:

a. Netteigar leverer regelmessig reelle eller stipulerte måleverdiar til Sognekraft. Kundar blir fakturert etterskotsvis 6 gonger i året.

Vilkår for våre straumprodukt:

4. Sognekraft Innkjøpspris

a. Prisen er basert på spotprisen i området der straumen vert levert, og er månadleg gjennomsnitt av spotprisane time for time + avgifter.

b. Avtalen har i tillegg eit månadleg fastbeløp som er uavhengig av straumforbruket.

c. Betaling via avtalegiro og faktura på e-post er ein føresetnad, kunden må sjølv opplyse e-postadressa.

d. Det blir innført eit gebyr på kr 25,- pr faktura om kunde ikkje har oppretta avtalegiro og/eller har opplyst e-postadressa.

e. Avtalen er løpande inntil den blir sagt opp med 2 veker gjensidig oppseiingstid.

5. Sognekraft Fastpris

a. Avtalen gjeld fast pris på straum inkl. avgifter i ein avtalt periode.

b. Avtalen har i tillegg eit månadleg fastbeløp som er uavhengig av straumforbruket.

c. Avtalen inneber ei gjensidig forplikting og kan ikkje seiast opp i avtaleperioden. Ved særskilte høve kan kunden kjøpe seg fri ved å dekke Sognekraft sitt økonomiske tap som følgje av at leveransen ikkje blir fullført. Det direkte økonomiske tapet blir berekna etter alminnelege erstatningsrettslege prinsipp og er minimum kr 500,- (administrasjonsgebyr).

d. Ved utløp av avtalen blir kunden automatisk overført til Sognekraft Standardpris, sjå punkt 6, med mindre kunden har bestilt ein annan straumavtale hjå Sognekraft.

6. Sognekraft Standardpris

a. Sognekraft Standardpris er ein "standard variabel straumprisavtale".

b. Prisen kan bli endra med 2 vekers varsel. Prisendringar blir kunngjort på www.sognekraft.no eller anna eigna måte. Prisvarsling på SMS og e-post kan bestillast av kunde.

c. Avtalen har i tillegg eit månadleg fastbeløp som er uavhengig av straumforbruket.

d. Avtalen er løpande inntil den blir sagt opp med 2 vekers gjensidig oppseiingstid.

7. Sognekraft Marknadpris

a. Prisen er basert på spotprisen i området der straumen vert levert, og er månadleg gjennomsnitt av spottprisane time for time + eit påslag pr kWh + avgifter.

b. Prisvarsling på SMS og e-post kan bestillast av kunde.

c. Avtalen er løpande inntil den blir sagt opp med 2 vekers gjensidig oppseiingstid.